

# **Vedtekter for skulefritidsordninga ved Åmås Friskule**

Vedtekne av SFO-nemnda ved Åmås Friskule

## **§1.FORMÅL**

Skulefritidsordningane er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod før og etter undervisingstida for born i 1.–4.klasse. <sup>1</sup> Tilbodet skal vere tufta på verdiane som kjem fram i Kunnskapsløftet. Borna sine behov for leik, kultur-aktivitetar og sosial læring må vere basis i innhaldet for tilbodet.

## **§2. LEIING, STYRING OG ANSVAR**

SFO-nemnda ved Åmås Friskule er ansvarleg styringsorgan for skulefritidsordninga ved skulen. Skulefritidsordninga vert administrert av dagleg leiar og rektor ved Åmås Friskule. Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for ordninga ved skulen, også arbeidsgivaransvar.

Dagleg leiar i skulefritidsordninga bør kallast inn til møte i SFO-nemnda ved skulen i saker som gjeld skulefritidsordninga. Han/ho har då tale- og forslagsrett.

## **§3. BEMANNING**

I tillegg til dagleg leiar kan det tilsetjast assistentar etter behov. Rettleiande norm er 12-14 born pr. vaksen. Dette er ikkje til hinder for at det i kortare perioder av dagen kan vere fleire eller færre born pr. tilsett. Den som vert tilsett, må leggje fram politiattest.

## **§4. INNTAK AV BORN**

Skulen sender brev vedlagt søknadsskjema til alle familiar med born i aktuell alder for skulefritidsordninga.

*Siste søknadsfrist er 15.mai, men skulen kan om ønskjeleg vedta ein tidlegare frist*

SFO-nemnda ved Åmås Friskule gjer opptaket. I høve skulefritidsordninga ikkje har plassar nok til alle som søker i krinsen, vert følgjande kriterium vektlagde i prioritert rekkjefølgje:

- 1) Dei som allereie har plass har rett på å vidareføre plassen til neste skuleår
- 2) Born som treng spesiell omsorg og støtte
- 3) Born av einslege forsytarar
- 4) Borna sin alder, dei yngste får prioritet
- 5) Søsken ved friskulen der den ein allereie har plass
- 6) Born som treng heil plass
- 7) Vanskelege bu- og leiketilhøve

Borna skal til vanleg takast inn ved den skulefritidsordninga som er knytt til den skulen dei går på. *Dersom det er behov og plass kan andre enn elevar ved friskulen også takast inn.* Når opptaket er klart får styret ved SFO ei samla oversikt over dei borna som er opptekne i skulefritidsordninga.

---

<sup>1</sup>Sjå meir detaljert om inntak under §4

## **§5. OPNINGSTIDER.**

Den daglege opningstida må tilpassast behov og økonomiske vilkår ved friskulen. Tilbodet følgjer skuleruta, og er ope 38 veker i året.

Ved for sein henting av born vert det ilagt eit gebyr på kr 100,- pr. påbyrja halvtime.

## **§6. TILBOD I FERIANE.**

Skulefritidsordninga er stengt i skulen sine feriar og på fridagar i skuleåret.

## **§7. FORELDREBETALING.**

SFO-nemnda ved Åmås Friskule fastset foreldrebetaling kvart år. Dersom barnet sluttar i skulefritidsordninga, er det 1 månads oppseiingsfrist frå den 1. i påfølgjande månad.

Oppseiing av plassen må gjerast skriftleg. Det skal betalast for 10 mnd. pr. år. Det vert ikkje kravd betaling for halve juni, juli og halve august.

SFO-nemnda kan seie opp plassar det ikkje vert betalt for. Dei føresette får melding om oppseiing med 1 månads frist. Utetsåande foreldrebetaling vil elles bli lagt til grunn som avslag på plass ved seinare opptak.

*Dersom det ikkje er økonomisk grunnlag for å drive SFO ved Åmås Friskule kan ordninga nedleggast.*

## **§8. KONTAKT MED FØRESETTE.**

Rektor og leiar skal syte for god kontakt med dei føresette.

## **§9. TEIEPLIKT.**

Alle som arbeider i skulefritidsordninga har teieplikt etter reglane i Forvaltningslova §13 til 13f tilsvarande.

---

<sup>1</sup>Sjå meir detaljert om inntak under §4